Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Møteprotokoll

Utval: **SOGN REGIONRÅD**
Møtestad: Fretheim Hotel, Flåm
Møtedato: 01.04.2011 **Tid:** 09:30-15:15

A. Desse møtte

Faste medlemmar:
Torodd Urnes, ordførar Luster kommune (leiar) Olav Ellingsen, ordførar Aurland kommune Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune Jarle Andersen, varaordførar Leikanger kommune Harald Offerdal, varaordførar Balestrand kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Lars Petter Nesse, varaordførar Lærdal kommune
Medlemmar:
Tore Eriksen, rådmann Luster kommune Oddbjørn Ese, rådmann Vik kommune Norunn Haugen, ass. rådmann Aurland kommune (til kl 1200) Alf Olsen, rådmann Lærdal kommune Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune Karina Nerland, dagleg leiar
Eksterne gjestar:
Ivar-Bjarne Underdal, styreleiar Aurland ressursutvikling as Arne Glenn Flåten, reiselivsdirektør Visit Sognefjord as

B. Innkalling godkjent utan merknader

C. Sakliste godkjent

D. Protokoll frå møtet 11.2.2011 godkjent utan merknader.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
6/11	11/1116 **Årsmelding og rekneskap 2010**
7/11	08/2674 **Interkommunalt friluftsråd**
8/11	11/1042 **Reiselivsorganisering - forprosjekt**
9/11	11/949 **Omstillingsmidlar til Njøs Næringsutvikling.**
10/11	10/3691 **Samhandlingsreforma**
11/11	11/363 **Orienteringssaker 1.4.2011**

Sak 6/11
Årsmelding og rekneskap 2010

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2010 slik den ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2010 slik den ligg føre.

Sak 7/11
Interkommunalt friluftsråd

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik etablerer eit interkommunalt friluftsråd som eit prøveprosjekt for 3 år.

Friluftsrådet vert organisert etter § 27 i kommunelova.

Etableringa føreset delfinansiering frå Friluftsrådenes Landsforbund og Sogn og Fjordane fylkeskommune i tillegg til medlemskommunane.

Handsaming

Framlegg i møtet:

Sogn regionråd etablerer ikkje eit interkommunalt friluftsråd.

Vedtak:

Sogn regionråd etablerer ikkje eit interkommunalt friluftsråd.

Sak 8/11
Reiselivsorganisering - forprosjekt

Tilråding:
Sogn regionråd set i gang forprosjekt for eit felles reiselivsselskap. Det vert teke atterhald om at forprosjektet vert fullfinansiert.

Sogn regionråd set av kr 125 000 av regionale utviklingsmidlar for 2011 for å delfinansiera forprosjektet.

Handsaming

Framlegg i møtet:

Sogn regionråd ber administrasjonen og reiselivsgruppa utdjupa dagens situasjon og mål i ein forstudie før rådet tek stilling til eit evt. forprosjekt.

Vedtak:

Sogn regionråd ber administrasjonen og reiselivsgruppa utdjupa dagens situasjon og mål i ein forstudie før rådet tek stilling til eit evt. forprosjekt.

Sak 9/11
Omstillingsmidlar til Njøs Næringsutvikling.

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar i 2011 til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS.

Vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar i 2011 til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS.

Sak 10/11
Samhandlingsreforma

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming

Lars Petter Nesse orienterte om regjeringa si avgjerd om Lærdal sjukehus og samhandlingsreforma. Alf Olsen orienterte om samhandlingsprosjektet som Lærdal kommune inviterer dei andre kommunane til å vera med på. Invitasjon vil bli sendt til kommunane i nær framtid.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Sak 11/11
Orienteringssaker 1.4.2011

Orienteringar og drøftingar

1. Reiselivsgruppa: Båtrutetilbodet på Fjærlandsfjorden er på plass for denne sesongen.

2. Samferdslegruppa:

   - Flytilbodet: Aarvoll møtte departementet i februar for å grunngje behovet for nattstasjonert fly. Bakgrunnen for brevet til departementet av 7. mars er TØI si tilråding om å leggja ned flyruta til Bergen.
   - Strekninga Vinje-Hella-Sogndal: Etaten sitt framlegg kjem 7. april. Samferdslegruppa vil arbeida mot politisk nivå i fylkeskommunen og departementet for å få auka rammer til ruteområde 4C.
   - Vegsambandet Bergen-Trondheim via Sogn: Samferdslegruppa vidarefører alliansebygginga, særleg mot Hordaland.

3. Rådmannsgruppa:

   - GIS-arbeidsgruppa har i notat til rådmannsgruppa uttalt av den daglege drifta har første prioritet. Av prosjekta vil adresseprosjektet bli prioritert foran vatn og avlaup.
   - Spørsmålet om interkommunal syns- og hørselskontakt er teke opp av råda for funksjonshemma i kommunane. Rådmannsgruppa føreslår å sjå på saka i samanheng med samhandlingsreforma. Rådet hadde ingen merknader til brevutkast som vart omdelt i møtet.
   - Leiar i rådmannsgruppa har vore i kontakt med rådmannen i Årdal kommune og vist til at det ikkje er tenleg med deltaking frå kommunar utanfrå rådet på nettverk for lærarar, rektorar, barnehagestyrarar og rådgjevarar, jf brev frå Sogn regionråd av 29.10.2010.

4. Administrasjonen:
   - Sats på skulen – snu Sogn:
     - KS har gitt tilsagn om kr 600 000 i OU-midlar til leiarutdanning i barnehage og skule kull 4
     - Fylkesmannen har gitt tilsagn om kr 950 000 av fornyingsmidlane for 2011
     - Program for evalueringsmøte 20. mai i Balestrand er utsendt til formannskapsmedlemar, rådmenn, skulefaglege ansvarlege og programstyret. Invitasjon vil også gå til Fylkesmannen, fylkeskommunen, Tor Bremer frå Utdanningskomiteen, Høgskulen, KS og hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet i kommunane.
   - Sogn regionråd har fått nye nettsider.
   - Rekrutteringsmesser:
     - Mange var innom Sogn regionråd sin stand i Trondheim, Oslo, Bergen og Sogndal. 300 svarte på spørjeskjemaet vårt. Resultatet frå undersøkinga viser at dei viktigaste faktorane som påverkar kor dei ønskjer å busetja seg er arbeid, vener/sosial nettverk og tilgang på natur.

- Det vil bli oppretta ei arbeidsgruppa som vil arbeida med å vidareutvikla innhaldet / opplegg til neste års messer.

5. Styreleiar Ivar-Bjarne Underdal orienterte om Aurland ressursutvikling as.

6. Reiselivsdirektør Arne Glenn Flåten orienterte om prioriteringar, tiltak og organisering i Visit Sognefjord.

7. Rådmann Alf Olsen orienterte om arbeidsmarknadssituasjonen i Lærdal, regionale verknader og prosessar for å møta utfordringane.

Skriv og meldingar

1. Brev frå Sogn regionråd av 7.3.2011 til Samferdselsdepartementet om flyruter ved Sogndal lufthamn Haukåsen. Ref. – Ingen merknader.

2. Referat frå møte i samferdslegruppa 21.2.2011. Ref. – Ingen merknader.

3. Referat frå møte i reiselivsgruppa 9.3.2011. Ref. – Ingen merknader.

Torodd Urnes
leiar

Marta Finden Halset

Jarle Aavoll

Karina Nerland
dagleg leiar